

Møte Moster sokneråd tysdag 13.06.2023

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Gerda Bondø, Camilla Rubach, Elin Taranger, Heidi T Fagervik; Aksel Lygre

Sak 49 – 2023 Godkjenning av møtebok frå 09.05.23 og innkalling.

Saker til ymse meldast her.

Vedtak: Referat godkjend. Saklista vart justert

Sak 50 – 2023 Oppfølging av tidlegare saker.

*** Sal av teknisk utstyr.** Halfdan Endresen har ansvar for sal. Har gått ned i pris.

***Kort evaluering av amfigudsteneste 4.juni i år. Stikkord: PR, inkludering i oppgåver, born og ungdom.**

Kanskje for lite PR med å berre gjere det kjendt på facebook. Burde hatt med eit barnekor eller liknande.

***Evaluering av dugnad i kyrkja 9. og 10. juni.** Burde hatt ein dugnadsansvarleg som ser til at dugnaden går føre seg som avtalt.

***Oppretting av eigen ungdomskomite.** Kvar står saka? Aksel har invitert konfirmentar på e-post. Bør kanskje gjerast tidlegare

***Soknerådsva 2023.** Kvar står saka? Namn er levert inn og registrert. Høve til å stemme i kyrkja dagen før valdagen. Valstyret finn stemmevakter. Elin sjekkar vidare. Elin har sjekka vidare. Folk må spørjast til å stå på stemmevaktliste. Lista må supplerast. Camilla tar ansvaret for å gjere dette innan neste soknerådsmøte.

***Barnekroken.** Trusopplæringsutvalet får ansvaret for oppgraderinga av innhaldet.

***Kort evaluering av konfirmasjon**

Fin pynting. Få opp frivilligheten generelt, også å det få folk til å bidra i konfirmasjonsgudstenesta

Sak 51 – 2023 Temakveldar hausten 2023

Vedtak: Komiteen jobbar med ulike alternativ.

Sak 52 – 2023 Sommarfullmakt frå soknerådet til AU

Vedtak: AU får mellom dette og neste møte i soknerådet fullmakt til å gjera vedtak i mindre saker, som heller ikkje medfører større utgifter.

Sak 53 – 2023 Datoar for kyrkjekaffi med bakverk til hausten

Soknerådet vedtek følgjande datoar: : 27.august – 6-årsbibel; 10.september – konfirmantpresentasjon; 22.oktober - 4-årsbok; 19.november – Lys Vaken.

Sak 54 – 2023 Innkjøp av teknisk utstyr- sakshandsaming

Kasserer og nestleiar orienterer.

Vedtak: Moster sokneråd må involverast frå starten i alle saker der det ligg føre økonomiske og administrative konsekvensar. Soknerådet skal alltid uttale seg.

Sak 55 – 2023 Referat og meldingar

Programkomite for 150-årsfeiringa: Heile utvalet møtest før AU.møta i lag med AU.

Orgelkomiteen: Ingenting å melde

Trusopplæringsutvalet: Marta Havn kjem igjen som kyrkjelydspedagog, elles ingenting å melde

Kyrkjemusikalsk utval: Ingenting å melde

Diakoniutvalet: Ingenting å melde

Jubileumsbok-komiteen: Boka går snart i trykken

Estlandskomiteen: Ungdomsleir

Felleskristen komite 1000-årsmarkering kristenretten: Planlegginga går greit

Frå fellesråd og administrasjon: Møte onsdag den 14.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: Ingenting å melde

Sak 56 – 2023 Idemyldring til inntekt for teknisk utstyr

Fellesrådet har ikkje dette på prioriteringslista per no, og alternativet kan til dømes vere ein konsert til inntekt for teknisk utstyr. Saka blir tatt vidare til neste møte